



## Saksprotokoll

---

**Organ:** Fylkesutvalet

**Møtedato:** 30.09.2015

---

**Sak nr.:** 15/8082-4  
**Internt l.nr.** 43321/15

**Ikkje offentleg**  
**Ofl § 23, 4. ledd, eigardokument**

**Sak:** 99/15

**Tittel:** Lutelandet Utvikling AS - Eigaroppfølging 2015

**Behandling:**

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

1. Fylkeskommunen vidarefører sitt eigarskap i Lutelandet Utvikling AS. Fylkesutvalet vil innstille på dette i Eigarmeldinga for 2015.
2. Fylkesutvalet stiller seg bak foreslått finansieringsmodell av HAFS Utvikling med overføring av driftskapital frå Lutelandet Utvikling AS. Dette føreset at Lutelandet Utvikling AS stiller følgjande krav:
  - a) Styret i HAFS Utvikling skal gjennomføre prosjekt som omtala i punkt b) som svarar til minimum halvparten av den driftskapital som vert overført, rekna for kvart driftssår.
  - b) Prosjekta skal ikkje innehalde oppgåver som normalt ligg til kommunal førstelineteneste innan næringsutvikling.
  - c) Prosjekta skal godkjennast av styret i Lutelandet utvikling AS året før dei vert starta.
  - d) HAFS Utvikling skal årleg og ved slutføring av prosjekta, rapportere til styret i Lutelandet Utvikling AS om gjennomføringa av prosjekta.
3. Lutelandet Utvikling AS skal omtale HAFS Utvikling sine prosjekt i eigen årsrapportering.
4. Det skal fremjast sak for dei andre aksjonærane på generalforsamlinga om vedtektsendring slik at fylkeskommunen i framtida peikar ut styreleiar i Lutelandet Utvikling AS blant dei styremedlemene som fylkeskommunen etter til ei kvar tid gjeldande vedtekter peiker ut.
5. Fylkesutvalet ber styret i Lutelandet Utvikling AS kalle inn til ekstraordinær generalforsamling for handsaming av sak om vedtektsendring i tråd med punkt 4.